



## Statens vegvesen

Rogaland fylkeskommune  
Postboks 130 Sentrum  
4001 STAVANGER

Behandlende eining: Region vest Sakshandsamar/telefon: Kristian Bauge / 55516337 Vår referanse: 16/28476-285 Dykkar referanse: Vår dato: 04.04.2019

### Nytt takst- og rabattsystem i Finnfast og Fv. 45 Gjesdal

Statens vegvesen, Region vest viser til omlegging av takst- og rabattsystemet i bompengeprosjekta i regionen i tråd med Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015–2016). Kommunane i prosjekta Finnfast og Fv. 45 Gjesdal handsama forslag til nytt takst- og rabattsystem hausten 2017, og vedtok då å halde på gjeldande system.

Etter at kommunane hadde handsama sakene, fatta Fylkestinget i Rogaland følgjande vedtakspunkt nr. 3 i ska 63/18:

*Fylkestinget vil ta initiativ til at det legges fram nytt forslag til takster i Finnfast-prosjektet og i Gjesdal-prosjektet som kommunene får til vurdering. Fylkestinget anmoder kommunene i Finnfastprosjektet og Gjesdal-prosjektet om å vurdere saken på nytt og å gjøre vedtak om omlegging til nytt takst- og rabattsystem innen året.*

I same vedtak, pkt. 7 står det:

*Den anmodes om at passeringstak vurderes innført for prosjekter hvor rabattordningen endres betydelig. Formålet er at endringen i rabattordning ikke medfører et vesentlig kostnadsøkning for storbrukere/pendlere. Vurderingen må tas prosjekt for prosjekt.*

Etter den fylkeskommunale handsaminga har kommunane i dei to prosjekta fått justerte forslag til nye takstar i nytt takst- og rabattsystem til handsaming. Under følger ein oppsummering av handsaminga i kommunane.

#### Finnfast

Rennesøy kommune handsama ny sak 11.02.2019, og fatta følgjande vedtak:

1. *Det vert innført nytt takst- og rabattsystem i Finnfast. Bompengetakstane vert:*  
*Takstgruppe 1: kr 106*  
*Takstgruppe 2: kr 435*
2. *Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt. Det vert ikkje gitt rabatt for takstgruppe 2.*
3. *Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 betalar 50 prosent av taksten for takstgruppe 1 etter rabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 betalar ikkje bompengeavgift.*
4. *Ordningsa utan månadleg passeringstak vert vidareført.*
5. *Nytt takst- og rabattsystem vert tatt i bruk 1. august 2019.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Finnøy kommune handsama ny sak 11.02.2019, og fatta følgjande vedtak:

1. *Det vert innført nytt takst- og rabattsystem i Finnfast. Bompengeretakstane vert:*  
*Takstgruppe 1: kr 106*  
*Takstgruppe 2: kr 435*
2. *Kjøretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt. Det vert ikkje gitt rabatt for takstgruppe 2.*
3. *Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 betalar 50 prosent av taksten for takstgruppe 1 etter rabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 betalar ikkje bompengeavgift.*
4. *Ordninga utan månadleg passeringstak vert vidareført.*
5. *Nytt takst- og rabattsystem vert tatt i bruk 1. august 2019.*

Statens vegvesen, Region vest, vurderer at det er lokalpolitisk tilslutning til omlegging av nytt takst- og rabattsystem i prosjektet Finnfast, og at det er tilslutning til innføring av bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i tråd med føringane frå Prop. 87 S (2017–2018). Nytt takst og rabattsystem vert innført 1. august 2019, om Rogaland fylkeskommune sluttar seg til det tilrådde takst- og rabattsystemet.

#### Fv. 45 Gjesdal

I saka som gjekk til handsaming i Sirdal og Gjesdal kommunar var det lagt til grunn at bompengeretaksten skulle justerast med prisveksten (KPI) i tråd med proposisjonen til prosjektet, Prop. 127 S (2009–2010).

Sirdal kommune handsama ny sak 07.02.2019, og fatta følgjande vedtak:

- Sirdal kommune støtter omlegging av takst- og rabattsystemet for bompengeinnkreving på fv 45 i Gjesdal (Hunnedalen) og fatter vedtak om at :*
4. *Det blir innført nytt takst- og rabattsystem på fv. 45 i Gjesdal (Hunnedalen).*
    - a. *Takstgruppe 1: Kr 72*
    - b. *Takstgruppe 2: Kr 95*
  5. *Kjøretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 pst. rabatt og passeringstak på 15 passeringar hver kalendermåned.*
  6. *Nullutslippskjøretøy i takstgruppe 1 betaler 50 pst. av taksten for takstgruppe 1 etter rabatt.*

Gjesdal kommune handsama saka 11.02.2019, og fatta følgjande vedtak:

1. *Det blir innført nytt takst- og rabattsystem på fv. 45 Gjesdal. Bompengeretakstene blir satt til:*  
*Takstgruppe 1: Kr 60*  
*Takstgruppe 2: Kr 79*
2. *Kjøretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 pst. rabatt og passeringstak på 15 passeringar hver kalendermåned.*
3. *Nullutslippskjøretøy i takstgruppe 1 betaler 50 pst. av taksten for takstgruppe 1 etter rabatt.*
4. *Spørsmålet om takstene skal indeksreguleres slik reglene åpner for, behandles på et senere tidspunkt. Når Statens vegvesen sine beregninger og analyser for gjenstående prosjekt i pakken foreligger, vil dette bli vurdert.*

Det vert vist til oversendt sak dei lokale vedtaka i Sirdal og Gjesdal kommunar. Statens vegvesen, Region vest vurderer at det er lokal tilslutning til omlegging til nytt takst- og rabattsystem, og innføring av passeringstak på 15 passeringar. Det er ikkje, etter vår vurdering, lokal tilslutning til prisjustering av takstane i pakken. Det vert vist til punkt 4. i vedtaket frå Gjesdal kommune, der ein ber om at vurdering av prisjustering vert gjort på eit seinare tidspunkt.

Ferde AS har orientert Statens vegvesen om innføring av ny sentralsystemløysing for handtering av passeringane gjennom bomstasjonane. For at overgangen til nytt system skal gå så smidig som mogeleg, har Ferde satt siste frist til omlegging 1. august 2019.

Statens vegvesen tilrår Rogaland fylkeskommune å stille seg bak vedtaka frå kommunane i Finnfast og Gjesdal om omlegging til nytt takst- og rabattsystem. Frå 1. august 2019 vert bompenger takstane som følgjer i dei to prosjekta:

**Finnfast**

Takstgruppe 1: kr 106

Takstgruppe 2: kr 435

**Fv. 45 Gjesdal**

Takstgruppe 1: kr 60

Takstgruppe 2: kr 79

Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 på 50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy etter rabatt.

I Fv. 45 Gjesdal vert det innført passeringstak på 15 passeringar per kalender månad.

Med helsing

Tone Margrethe Oppedal

Avdelingsdirektør

Bauge Kristian

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Ferde AS – Firmapost, Postboks 2623 Møhlenpris 5836 BERGEN,

**Behandling**

Formannskapets tilråding ble enstemmig vedtatt.

**Vedtak**

Sirdal kommune støtter omlegging av takst- og rabattsystemet for bompengeinnkreving på fv. 45 i Gjesdal (Hunnedalen) og fatter vedtak om at :

4. Det blir innført nytt takst- og rabattsystem på fv. 45 i Gjesdal (Hunnedalen).
  - a. Takstgruppe 1: Kr 72
  - b. Takstgruppe 2: Kr 95
5. Kjøretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20  
a. pst. rabatt og passeringstak på 15 passeringer hver kalendermåned.
6. Nullutslippskjøretøy i takstgruppe 1 betaler 50 pst. av taksten for takstgruppe 1  
a. etter rabatt.

## Vedtak:

1. *Det blir innført nytt takst- og rabattsystem på fv. 45 i Gjesdal. Bompenger takstene blir satt til:*

*Takstgruppe 1: Kr 60*

*Takstgruppe 2: Kr 79*

2. *Kjøretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 pst. rabatt og passeringstak på 15 passeringer hver kalendermåned.*
3. *Nullutslippskjøretøy i takstgruppe 1 betaler 50 pst. av taksten for takstgruppe 1 etter rabatt.*
4. *Spørsmål om takstene skal indeksreguleres slik reglene åpner for, behandles på et senere tidspunkt. Når Statens vegvesen sine beregninger og analyser for gjenstående prosjekt i bompakken foreligger, vil dette blir vurdert.*



## SAKSPROTOKOLL

Arkivsak-dok. 17/00390

Arkivkode

Saksbehandler Siv Hansen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	24.01.2019	2/19
2 Kommunestyret	11.02.2019	6/19

### Omlegging av takst og rabattsystemet for Finnfast

Kommunestyret har behandlet saken i møte 11.02.2019 sak 6/19

#### Møtebehandling

Endringsforslag fra Jørn Kyle Finnesand (Frp):

Punkt 3 endres til:

Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 og 2 betalar ikkje bompengeavgift.

#### Votering

Endringsforslag fra Finnesand (Frp) falt med 3 stemmer (Frp), mot 18 (1Frp, H, Ap, Krf, Sp) stemmer for punkt 3 i innstilling fra formannskapet

Innstilling fra formannskapet punkt 1,2, 4 og 5 enstemmig vedtatt.

#### Vedtak

Rådmannen rår til at kommunestyret stiller seg bak omlegging av takst- og rabattsystemet i Finnfast, og fatter følgjande vedtak:

1. Det vert innført nytt takst- og rabattsystem i Finnfast. Bompengetakstane vert:  
Takstgruppe 1: kr 106  
Takstgruppe 2: kr 435
2. Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt. Det vert ikkje gitt rabatt for takstgruppe 2.
3. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 betalar 50 prosent av taksten for takstgruppe 1 etter rabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 betalar ikkje bompengeavgift.
4. Ordninga utan månadleg passeringstak vert vidareført.
5. Nytt takst- og rabattsystem vert tatt i bruk 1. august 2019.



## Saksframlegg

Sakshandsamar	Arkiv	JournalpostID
Marie Urdal	K1 - 205, K2 - Q33	19/175

Saksnr	Utval	Dato
009/19	Formannskapet	24.01.2019
006/19	Kommunestyret	11.02.2019

### Nytt takst- og rabattsystem i Finnfast - ny sak

#### Vedlegg

1. Nytt takst- og rabattsystem i Finnfast - ny sak

#### Forslag til vedtak frå rådmannen:

Rådmannen rår til at kommunestyret stiller seg bak omlegging av takst- og rabattsystemet i Finnfast, og fatter følgjande vedtak:

1. Det vert innført nytt takst- og rabattsystem i Finnfast. Bompengetakstane vert:

Takstgruppe 1: kr 106

Takstgruppe 2: kr 435

2. Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt. Det vert ikkje gitt rabatt for takstgruppe 2.
3. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 betalar 50 prosent av taksten for takstgruppe 1 etter rabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 betalar ikkje bompengeavgift.
4. Ordninga utan månadleg passeringstak vert vidareført.
5. Nytt takst- og rabattsystem vert tatt i bruk 1. august 2019.

Finnøy 08.01.2019

Karin Dokken Austvik  
rådmann

#### Formannskapet 24.01.2019:

Felles tilleggsframlegg, foreslått av Odd Bleie, Senterpartiet

Administrasjonen kjem tilbake med eit tilleggsnotat knytt til reduksjon av takst for takstgruppe 2 og

forlenga nedbetalingsfrist til kommunestyret 11.02.2019.

Innstillinga frå rådmannen og felles tilleggsframlegg fremja av Odd Bleie vart samrøystes.

**FSK- 009/19 VEDTAK:**

Rådmannen rår til at kommunestyret stiller seg bak omlegging av takst- og rabattsystemet i Finnfast, og fatter følgjande vedtak:

1. Det vert innført nytt takst- og rabattsystem i Finnfast. Bompenger takstane vert:  
Takstgruppe 1: kr 106
  
- Takstgruppe 2: kr 435
- Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt. Det vert ikkje gitt rabatt for takstgruppe 2.
- Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 betalar 50 prosent av taksten for takstgruppe 1 etter rabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 betalar ikkje bompengeavgift.
- Ordninga utan månadleg passeringstak vert vidareført.
- Nytt takst- og rabattsystem vert tatt i bruk 1. august 2019.

Administrasjonen kjem tilbake med eit tilleggsnotat knytt til reduksjon av takst for takstgruppe 2 og forlenga nedbetalingsfrist til kommunestyret 11.02.2019.

**Kommunestyret 11.02.2019:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KST- 006/19 VEDTAK:**

Rådmannen rår til at kommunestyret stiller seg bak omlegging av takst- og rabattsystemet i Finnfast, og fatter følgjande vedtak:

1. Det vert innført nytt takst- og rabattsystem i Finnfast. Bompenger takstane vert:  
Takstgruppe 1: kr 106
  
- Takstgruppe 2: kr 435
- Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt. Det vert ikkje gitt rabatt for takstgruppe 2.
- Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 betalar 50 prosent av taksten for takstgruppe 1 etter rabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 betalar ikkje bompengeavgift.
- Ordninga utan månadleg passeringstak vert vidareført.
- Nytt takst- og rabattsystem vert tatt i bruk 1. august 2019.

**Saksopplysningar**

I april 2017 fekk Finnøy kommune brev frå Statens vegvesen med orientering om den pågåande bompengereforma, der ein ønskja ei standardisering av rabattar og fjerning av lokale særordningar. Statens vegvesen oppmoda Finnøy og Rennesøy kommunar til å stille seg bak forslaget om å endre

takstane i Finnfast i tråd med regjeringa sitt forslag om å innføre nytt takst- og rabattsystem i [Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S \(2015-2016\)](#). Rådmannen sitt forslag til vedtak var følgjande:

1. Finnøy kommune anmodar om at ny takst- og rabattordning vert innført i Finnøytunnelen i tråd med framlegget frå Statens vegvesen. Dagens tilleggsavtalar for å oppnå lokal rabatt avviklast.
2. Det vert innført ein rabatt på 20 pst. for kjøretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig brikkeavtale. Det gis ikkje rabattar for køyretøy i takstgruppe 2.
3. Takstane vert sett til:

Kr 138 for takstgruppe 1,

Kr 448 for takstgruppe 2.

4. Ordninga utan passeringstak vidareførast som i dag.

I handsaminga av [KS-sak 045/17](#) fatta kommunestyret vedtak om at Finnøy kommune ønskjer at takst- og rabattordningane i Finnfast vert oppretthaldt som i dag. Rennesøy kommune fatta likelydande vedtak som Finnøy kommune.

Etter at kommunane handsama saka, vart den handsama i Rogaland fylkeskommune. Fylkestinget i Rogaland handsama [sak 63/18](#) 12.06.2018. I vedtaket sitt punkt 3 heiter det:

*Fylkestinget vil ta initiativ til at det legges fram nytt forslag til takster i Finnfast-prosjektet og i Gjesdal-prosjektet som kommunene får til vurdering. Fylkestinget anmodet kommunene i Finnfast-prosjektet og Gjesdal-prosjektet om å vurdere saken på nytt og å gjøre vedtak om omlegging til nytt takst- og rabattsystem innen året.*

I same vedtak, punkt 7, står det:

*Den anmodes om at passeringstak vurderes innført for prosjekter hvor rabattordningen endres betydelig. Formålet er at endring i rabattordningen ikke medfører et vesentlig kostnadsøkning for storbrukere/pendlere. Vurderingen må tas prosjekt for prosjekt.*

3. januar 2019 mottok Finnøy kommune nytt forslag frå Statens vegvesen (vedlegg 1) på å legge om til nytt takst- og rabattsystem for Finnfast. Det vart og føreslått å innføre bompengeavgift for nullutsleppskøyretøya i takstgruppe 1 i tråd med føringane fra [Prop. 87 S \(2017-2018\)](#). Forslaget fører til at ein kan redusere takstane for dei konvensjonelle køyretøya, og likevel avslutte innkrevjinga i 2024, som føresett. Omlegginga til nye takstar, og eventuell innføring av betaling av bompengar for nullutsleppskøyretøya skal ikkje endre bompengeinntekta i prosjektet.

Datasystemet som registrerer og prisar passeringane gjennom bomstasjonane i Noreg vert bytta ut i 2019. Det nye datasystemet som tek over handterer ikkje forskotsbetaling mot rabatt, slik som i dag. Det regionale bompengeselskapet Ferde AS har meldt til Statens vegvesen at siste frist for omlegging til nytt takst- og rabattsystem er 1. august 2019.

Om kommunane vel å halde på dagens takst- og rabattsystem må Ferde AS få melding om det i løpet av februar 2019. Ferde AS må i så fall kjøpe inn eit datasystem som kan handtere forskotsbetaling for dei eller det prosjektet som vel å halde på dagens takst- og rabattsystem. Statens vegvesen og Ferde AS har vurdert at eit slik datasystem vil koste rundt 20 millionar kroner å kjøpe inn, og ha mellom 30-40 millionar i årlege driftskostnadar. Kostnadane for anskaffing og drift av nytt system vert fordelt på dei selskap under Ferde AS som ikkje legg om til nytt takst- og rabattsystem. Per 1. januar 2019 er det Finnfast, Fv. 45 Gjesdal og Rv. 13 Ryfast som ikkje har vedtak om omlegging. Driftskostnadane for

Finnfast vil følgjeleg auke monaleg om ein vel å halde på dagens takst- og rabattsystem.

### **Bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy**

Statens vegvesen viser til handsaming av Prop. 87 S (2017-2018), der Stortinget har vedteke at fritaksordninga for nullutsleppskøyretøya vert avvikla. Det er lagt opp til at eksisterande prosjekt kan innføre bompengeavgift for nullutsleppskøyretøya som ligg mellom 0 og 50 prosent av den ordinære taksten trekt frå brikkerabatt, dersom det er lokalpolitisk tilslutnad for det.

I Prop. 87 S (2017-2018) er det omtalt at det for nye bompengeprosjekt i utgangspunktet skal leggjast til grunn at nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal ha null prosent av taksten for konvensjonelle køyretøy, dersom det ikkje er fatta lokalpolitiske vedtak om noko anna. Det fylkeskommunale vedtaket spesifiserer ikkje om bompengeavgift for nullutsleppskøyretøya gjeld alle nullutsleppskøyretøy, eller berre dei som sorterer under takstgruppe 1 (inntil 3500 kg). Statens vegvesen legg difor til grunn av det vert opp til kommunane å avgjere om avgifta skal gjelde alle nullutsleppskøyretøy, eller berre dei som sorterer under takstgruppe 1. I saka er det vist eksemplar der nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 ikkje betalar bompengeavgift.

### **Takst for nullutsleppskøyretøy**

Oppheving av fritaket for nullutsleppskøyretøy medfører at kommunane og fylkeskommunen kan vedta kva for eit nivå bompengeavgifta for nullutsleppskøyretøy skal ha innanfor intervallet 0-50 prosent av ordinær bompengesats.

I saka nemnd over vedtok Fylkestinget i Rogaland i punkt 5 at:

*Fylkestinget viser til forslag i revidert statsbudsjett om å innføre halv takst for el-biler ved bompassering. Dersom dette blir vedtatt i stortinget vil det gjelda for alle bomprosjekt i Rogaland.*

Vedtaket frå fylkestinget er i tråd med det Stortinget har sluttat seg til at kan leggjast til grunn for nye bompengeprosjekt. Det medfører at kommunane, innanfor ramma av det fylkeskommunale vedtaket, kan velje om ein vil innføre bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy på 50 prosent av den rabatterte taksten for dei konvensjonelle køyretøya, eller om ein vil halde på 0 prosent i bompenger takst for nullutsleppskøyretøya, slik ordninga i praksis fungerer i dag, etter at Prop. 87 S (2017-2018) vart vedteken.

Om kommunane vel å vedta eit anna takstnivå enn 50 prosent etter rabatt for nullutsleppskøyretøya vil det slik Statens vegvesen vurderer saka, krevje ny handsaming i fylkestinget.

### **Nytt takst- og rabattsystem – berekning av nye takstar**

Prosjektet Finnfast er rekna å kunne innfri sine låneforpliktingar innanfor ramma i [St.prp. nr 38 \(2005-2006\)](#), jf. [Prop. 119 S \(2010-2011\)](#), til tross for at delen nullutsleppskøyretøy har vore høg. Det er difor komen ein førespurnad om ein, når ein ser på innføring av betaling for nullutsleppskøyretøy i tråd med føringane frå Prop. 87 S (2017-2018) kan justere ned takstane for takstgruppe 1 og takstgruppe 2, slik at ein vil halda seg innanfor ei nedbetalingstid på 15 år innan 2024.

Statens vegvesen har sett på ei løysing der nullutsleppskøyretøy vert belasta 50 prosent av den rabatterte taksten til køyretøy i takstgruppe 1, i tråd med vedtak frå Rogaland fylkesting. Det er rekna med at 10 prosent av passeringane med nullutsleppskøyretøy fell vekk når ein innfører betaling av bompengeavgift for denne køyretøyklassen. Det er viktig å presisere at ein i Noreg ikkje har erfaring med innføring av bompengeavgift for denne køyretøygruppa. 10 prosent avvising er eit estimat basert på generelle erfaringar frå innføring av bompengeavgift.

Det er rekna på nye takstar med nytt takst- og rabattsystem. Gjennomsnittleg inntekt per passering var 88,40 kroner i 2017. I nytt system vert gjennomsnittleg inntekt per passering om lag 91 kroner. Auken skuldast føresetninga om avvisning av 10 prosent av nullutsleppskøyretøy når desse skal betale bompengeavgift. Berekninga viser at for at omlegginga til nytt system skal gi om lag den same bompeneinntekta til selskapet som i dag, må det innførast følgjande bompengetakstar:

		Takst dagens system		Takst nytt system		
		Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	Nullutslepp	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Utan avtale	Fullpris	150	590	106	106	435
Med avtale	Anna selskap	150	590	42,4	85	435
	Forskot 30 %	105	413			
	Forsk./ettersk. 40 %	90	354			

Tabell 1: Utrekning av nye takstar i Finnfast

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig AutoPASS-avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt fra 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig AutoPASS-avtale.

Konvensjonelle køyretøy i takstgruppe 1 som passerer med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt.

Nullutsleppskøyretøy: Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet eller HY-registreringsskilt. Redusert takst for nullutsleppskøyretøy krev gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke. Om kommunane ønsker å innføre 50 prosent bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2, må kommunane fatte eige vedtakspunkt om det.

### Passeringstak

Omlegginga til nytt takst- og rabattsystem vil for fleire prosjekt medføre at takstane aukar for lokale trafikantar. For Finnfast vil dette ikkje vere tilfellet om ein innfører bompengeavgift for nullutsleppskøyretøya samtidig som ein legg om til nytt takst- og rabattsystem. Då vil takstane for dei konvensjonelle køyretøya kunne reduserast tilstrekkeleg til at omlegginga ikkje vil få negative konsekvensar for køyretøya i takstgruppe 1.

Ein stor del av køyretøya i takstgruppe 2 som passerer gjennom Finnfast har eit høgt tal passeringar kvar månad. Det betyr at om ein innfører passeringstak vil takstane måtte aukast monaleg for denne køyretøygruppa for å dekke bortfall av inntekt.

### Framtidig justeringsmøglegheit

Statens vegvesen legg til grunn at ein går gjennom inntekt- og passeringstal saman med bompengeselskapet ei tid etter at omlegginga er gjennomført, slik at ein kan sikre at bompeneinntektene ikkje vert vesentleg endra som følgje av omlegginga. Om det vert store utslag vil Statens vegvesen saman med bompengeselskapet leggje fram forslag til justerte takstar for lokal vurdering.

Takstane i Finnfast har ikkje vore prisjusterte sidan start av innkrevjinga i 2009. Ein legg til grunn at om det skulle verte naudsynt, kan takstane bli prisjustert på eit seinare tidspunkt i tråd med veksten i konsumprisindeksen for å halde seg innanfor ramma i St.prp. nr. 38 (2005-2006) og Prop. 119 S

(2010-2011).

### Vurdering

Det er rådmannen sin vurdering at kostnadane ved å halde på dagens ordning med forskotsbetalt bompenegeavtale er for høge, og at kommunane no må vedta nytt takst- og rabattsystem med 20 prosent rabatt. Omlegginga har lenge vore varsle for å kunne forenkle innkrevjinga, nytte mindre midlar på administrasjon, og meir av inntektene direkte til vegbygging og nedbetaling av gjeld. Dersom ein vel å halde på dagens ordning med opptil 40 prosent rabatt og forskotsinnbetaling krev det eigen IT-løysing til ein estimert etableringskostnad på 20 millionar kroner og årleg drift opp mot 30-40 millionar kroner.

Stortinget har i Prop. 87 S (2017-2018) vedteke å erstatte tidlegare fritaksordning for nullutsleppskøyretøy med ny rabattordning. Det skal etablerast ein nasjonal bindande regel om at nullutsleppskøyretøy ikkje skal betale meir enn maksimalt 50 prosent av takstane for konvensjonelle køyretøy etter brikkerabatt. I tråd med bompenegepolitikken generelt forutsett det lokalpolitiske vedtak for å forankre takstnivået for nullutsleppskøyretøy. I 2018 var 37,3 % av passeringane gjennom Finnfast nullutsleppskøyretøy. Det vil difor verke inn på både førarar av nullutsleppskøyretøy som får auka avgift, samt førarar av konvensjonelle køyretøy som får lågare avgift enn dagens system med maksimal rabatt. Samstundes gir det ein meir solidarisk innkrevjingsordning om også nullutsleppskøyretøy betalar bompengar. Det er likevel rom for å lokalt tilrå eit anna rabattnivå, så sant det er mellom 0 og 50 prosent. Dersom det lokalt vert fatta anna rabattnivå enn 50 prosent krev det ny handsaming i fylkestinget. Eit rabattnivå regulert i tråd med delen nullutsleppskøyretøy som passerer vil likevel, slik rådmannen ser det vere lite føreseileg for bilistane av både nullutsleppskøyretøy og konvensjonelle køyretøy, og føre til auka administrasjonskostnader ved ordninga.

For takstgruppe 2 som ikkje får rabatt i ny ordning er taksten sett til gjennomsnittleg inntening per passering i dagens takst- og rabattsystem. Det medfører ein reduksjon på 155 kroner for dei 38 prosentane som ikkje har AutoPASS-avtale. For 63 prosent av passeringane i takstgruppe 2, som i dag får 40 prosent rabatt, medfører den nye taksta på 435 kroner ein auke på 81 kroner per passering.

Rabattbortfallet for takstgruppe 2 heng saman med regelverk om konkurranseridande høve for utanlandske transportørar, og krav om elektronisk brikke for takstgruppe 2. Lokalt kan ein difor ikkje vedta rabatt for takstgruppe 2 i nytt takst- og rabattsystem. Det kan vere eit alternativ å innføre passeringstak for takstgruppe 2. Som vist i vedlegg 1 vil eit passeringstak på 30 passeringar føre til 1 343 gratispasseringar, gitt passingsstatistikk som i 2015. Det gir eit inntektsbortfall på om lag sju millionar kroner per år. Eit passeringstak på 20 passeringar gir eit inntektsbortfall på om lag 8,8 millionar per år. Inntektsbortfall må finansierast ved å auke takstane for dei betalande passeringane.

I tråd med føringane frå Prop. 1 S Tillegg 2 (2015-2016) er det lagt til grunn at omlegginga av takstsystemet ikkje skal føre til ein overføring av bompengedelen mellom takstgruppene. Det er difor rekna ut nye takstar der takstgruppene finansierer om lag like store delar av den totale bompenegeinntekta (nullutsleppskøyretøya inngår i inntektsdelen til takstgruppe 1). Ny takst med passeringstak vil for takstgruppe 2 med passeringstak på 30 passeringar gi ny takst på kr 1 284,-, og kr 2 526 for eit passeringstak på 20. For å skjerme det lokale storbrukarar og næringsliv vil ein difor ikkje oppnå fordelen av å innføre eit passeringstak med mindre køyretøyet passerer meir enn tre turar gjennom Finnfast kvar einaste dag. Slikt sett er det ikkje reelt å innføre passeringstak for takstgruppe 2.

Statens vegvesen informerer om at nytt takst- og rabattsystem kan vere i drift om lag 2 månader etter vedtak i kommunestyret. Alternativt kan ein vente til siste frist som er 1. august 2019.

Rådmannen ber kommunestyret om å ta stilling til om dei ønskjer å innføre nytt takst- og rabattsystem med verknad frå midten av april, eller vente til 1. august. Om ein venter til 1. august utsett ein innføringa av bompengeavgift for nullutsleppsbilane, innteningsmessig skal det ikkje ha noko å seie.

### Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret stiller seg bak innføring av nytt takst- og rabattsystem og 50 prosent bompengeavgift for nullutsleppskøyretøya i takstgruppe 1 etter rabatt. Bompengetakstane vert då som følgjer:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Utan avtale	Kr 106	Kr 435
Med avtale	Kr 85	Kr 435
Nullutsleppskøyretøy	Kr 42,4	0

*Tabell 2: Nye takstar i Finnfast med nytt takst- og rabattsystem om bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1.*

I Statens vegvesen sitt forslag til nye takst- og rabattsystem vert Finnfast nedbetalt i 2024, og ein går vekk frå lokal rabatt på opp til 40 prosent. Om ein vedtek den nasjonale ordninga med 20 % rabatt, og samstundes innfører bompengebetaling for nullutsleppskøyretøy jf. føringar i Prop. 87 S (2017-2018) samt fylkestinget si handsaming av saka, fører det til redusert takst for takstgruppe 1 på fem kroner per passering. Dei som vil merke auken mest er nullutsleppskøyretøy – som står for 37 % av passeringane, og køyretøy i takstgruppe 2 som begge får auka takst.

Ordninga med passeringstak ser ikkje ut til å vere lønsam for nokre av takstgruppene, og ein må vedta å knytte seg til nytt takst- og rabattsystem seinast 1. august 2019.